## Medlemsverving i Uskedalen utvikling

21.04.2012

**I desse dagar vert detlagt informasjon og giro i alle postboksane i Uskedalen. Det gjeld medlemsskap i Uskedalen utvikling for 2012.**

Målet er å auka medlemstalet frå 50 til over 100.

Desom du heller vil gje ei gåve, set du kryss i rubrikken.

Årleg medlemspengar er kr. 200,- Det er likt for alle, anten

du er personlegmedlem, driv firma eller det er eit lag/ organisasjon.

Med eit medlemssakap i Uskedalen utvikling har du fulle rettar og kan møta på årsmøte og andre møte, sei di meining i aktuelle saker, vera med i drøftingane for å fremja ei god utvikling i bygda.

Inntektene skal brukast til drift av nettsida uskedalen.no, kostnader med Gamleskule, bygdeutvikling og elles andre lagsutgifter.

Neste opne møte vert onsdag 2. mai.  Tema er: Nettsida, turisme og profilering

Innkalling går til lag, organisasjonar og firma som har eller vil ha informasjon på uskedalen.no. Det same gjeld alle som driv kultur- og turistrelatert næring.

Styret